

AdO-cup 22-24. juni 2018

Langbane

Tekst hentet i fra VS sin interne fb side – innlegg av Arne Kleppestrand

23.06:

No i helgen er det AdO-Cup med mange Vestkantsymjarar i aksjon. Til no har eg registrert følgande klubbrekordar (langbane).

[Hanne Næss](#) forbedra sin eigen klubbrekord på 1500 m fri frå 17.51,40 til 17.38,29. Det vil gi henne ein 14. plass på "All-time" lista til NSF.

På 400 medley tok [Henriette Dale](#) tilbake klubbrekorden med tida 5.18,01 etter at [Hanne Næss](#) med 5.20,67 tok den frå henne under BSF.

Ellers kan det nemnast at Anna Victoria Plassen med 19.18,75 berre var ca. 10 s bak klubbrekorden for yngre junior som Hanne Næss sette i fjor. Så VS held fram med å få fram svært gode langdistansesymjarar.

Veldig gode tider på 400 fri for dei yngre årsklassene. 4.53,36 for Anna Victoria Plassen og 5.03,73 for Leah Stensaker Nilsen er toptider i deira årsklasser.

Topptid også av Linnea Solsvik på 50 rygg. 35,49 er tredje beste tid på langbane nokon sinne for ein norsk 12 års jente.

Og i finalen for yngre junior var ikkje Linnea meir beskjeden enn at ho symde ned tida med over eit halvt sekund. Ho slo knockout på resten av feltet der dei fleste var eit år eldre, og har no den nest beste tida nokonsinne i hennar årsklasse.

24.06:

AdO-Cup er ferdig for i år. Sidan dei beste symjarane ikkje skal vere i toppform til dette stemnet kunne ein ikkje forvente toptider av dei. Men mange leverte likevel svært gode prestasjonar og persar, som lovar godt før NM og nordisk juniormesterskap seinare i sommar. Med 55,88 på 100 fri og 59,78 på 100 fly viser [Tobias Moen Olsen](#) at han også kan symje svært fort på korte distansar

Men dei som virkeleg imponerte på dette stemnet var 2005 og 2006 symjarane til VS. Dei dominerte mange av yngre junior finalene, og viste at det er mange av dei som ligg heilt i norgestoppen i sine årsklassar.

Linnea Solsvik, [Nikolai Dale](#), Leah Stensaker Nilsen og [Adrian Hammervann](#) også stafetten på 4x50m mix medley for yngre junior, med komfortabel margin ned til Haugesund på 2. plass.

Linnea opna med 34,85 på 50 rygg og symde dermed tida si ned ytterlegare 1 tidel frå finalen på laurdag. Denne tida er svært god, og det er tidlegare berre ei jente på same alder som har synt raskare. Linnea ligg no berre 8 tideler bak klubbrekorden for yngre junior på 34,07 som Karianne Reinertsen satte i 2010 då ho var eit år eldre enn Linnea er no.

Leah har også levert tider som få har prestert ved same alder. 1.15,02 på 100 butterfly er 4. beste tid gjennom tidene for ei norsk jente på 12 år. Ingen andre jenter født i 2006 er no i nærleiken av nivået til Leah.

Anna Victoria Plassen vann finalne på 50 fri og 100 fri med tider som er heilt i toppen av 2005 årsklassa.

Adrian vann også mange distansar med tider som er blant dei 10 beste i hans årsklasse.

Nikolai vann brystøvingane i 2005-klassa og har også tider som ligg opp mot dei 10 beste i sin årsklasse.